



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/208 - 17/1248

Saksbehandlar:
Signe Råheim
signe.raheim@fedje.kommune.no

Dato:
07.04.2017

Søknad om midlar i samband med kulturminneplanar i Hordaland.

Fedje kommune held på med arbeidet med å utarbeide ein kulturminneplan. Ein har eit planprogram som har vore ute på høyring. Innspela frå denne høyringa er innarbeida i planprogrammet. I tillegg til dette er det et nesten ferdig handlingsplan i handlingsdelen som arbeidsgruppa har arbeida med det siste halvåret til året.

I samband med arbeidet med kulturminneplanen vart det utarbeida ein plan KMP Fedje web av arkeolog Ørjan Engedal. Denne rapporten viser eit oversyn over ulike bygningar som finst på Fedje. Nokre av dei er frå før 1850. Det er mellom anna eit par bygningar frå 17-talet på Kremmarholmen. Kremmarholmen var ein sentral handelstad før i tida. Handel er eit punkt på lista over ting som ikkje vert prioritert i den fyrste 4-års perioden. Kremmarholmen er i privat eige og ikkje open for folk.

Fedje historielag held på å registrere fortøyningsboltar som er på Fedje. Dei er registrerte i Kystverket sin database, men ikkje i Askeladden. Malt og registrert 10 boltar.

Skulehistorie er eit anna punkt som er prioritert i handlingsplanen. Der ønskjer ein å registrere bygg som har vore brukt til skule i tidlegare tider. Det er registrert eit bygg i raud sefrak kategori i rapporten frå arkeologen.

I handlingsplanen er også lostenesten nemnt. Der ein skal registrere losbåtar, losstasjon, trafikkstasjon, inventar og redskapar. Lostenesta har vore ei viktig teneste for Fedje.

Skisse til framdrift

- 1) Personer frå Fedje Historielag held på med å registrere fortøyningsboltar.
- 2) I handlingsplanen er det skissert at arbeidsgruppa til handlingsplanen i samarbeid med historielaget arrangerer workshop for å få registrert bygningar som har vore brukt til skuleverksemd.
- 3) Det er nedsatt ei gruppe som skal drive med registrering av losbåtar, losstasjon, trafikkstasjon, inventar og redskapar.

Ein vil bruke pengar på workshop til registrering. I tillegg til det kan det trengs pengar til registrering av bygninger som ikkje inngår i handlingsplanen, men som kommuner har eit behov for å få registrert. Eit døme på det er Kremmarholmen som er freda, men i privat eige og ikkje open for publikum.

Med helsing

Signe Råheim
konsulent/sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
KMP Fedje web (L)(28330)

Kopi til:
Hordaland Fylkeskommune v/
Elisabeth Warren

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune
Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN